



Kyrre Fjellanger  
Fjellangersvingane 210  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2941 - 18/30756

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
09.10.2018

## Førebels svar med rettleiing for endring av søknad - gbnr 103/40 Fjellanger

Tiltak: tilbygg (garasje)  
Byggjestad: Gbnr: 103/40 Fjellangersvingane 210  
Tiltakshavar: Kyrre Fjellanger  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.09.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og vil gje litt rettleiing i forhold til vidare handsaming.

### Avstand til nabogrense

for tilbygg til bustad skal vera 2 m. For frittstående uthus garasje opp til 50 m<sup>2</sup> kan kommunen godkjenna 1 m.

### Estetisk utforming

Flatt tak på garasjen bryt totalt med takforma på bustaden og er i strid med føresegnen til kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden pkt. 1.16:

«Nye tiltak skal innordne seg og tilpassast eksisterande bygg på eigedommen. Mindre tiltak skal ha same takvikel og takform som hovudhuset».

Vi rår deg til å endra søknaden til frittstående garasje (min. 1 m frå huset og min. 1 m frå nabogrensa) der takforma på garasjen vert tilpassa bustaden.

### Nabovarsling

Du må varsle eigar av gbnr 103/7 om ny plassering av garasjen.

Kommunen ber om at nye dokument vert sendt inn samla **innan 12. november 2018**.

Dersom du likevel ønsker søknaden handsama slik han ligg føre, vil vi ha skriftleg tilbakemelding om det innan same dato.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Nytt kart**

Er vedlagt. Den tidlegare godkjente garasjen er fjerna, då løyvet har gått ut for lenge sidan. Vi kan ikkje sjå at det har komme inn søknad om ferdigattest for tilbygget.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

103-40\_kart

#### **Mottakarar:**

Kyrre Fjellanger

Fjellangersvingane 210

5955

LINDÅS